



KOPI

Ronny Johnsen
Kubbaleitet 2 A
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/390 - 19/13409

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.04.2019

Dispensasjon for plassering av støyskjerm - gbnr 137/45 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 252/19

Tiltakshavar: Linda Maria Aslesen

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Kubbaleitet/planid.: 1263-201215 for etablering av støytiltak på eigedom gbnr. 137/45.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.02.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.02.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato 03.05.19.

Planstatus

Eigdommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kubbaleitet/planid.: 1263-201215 er definert som bustadføremål.

Søknad om dispensasjon for støyskjerm er ledd i flytting av avkøyrsløse til eigedom gbnr. 137/45 jf. søknad dispensasjon for flytting av avkøyrsløse handsama i sak 18/1730, vedtak datert 24.01.19.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå føresegna § 2.9 for skissert plassering.
Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

(...)Søknad om dispensasjon frå byggegrense §2.9 Kubbaleitet reguleringsplan for etablering av støygjerde gbnr 137/45

Vi viser til gitt dispensasjon for ny avkjøring sak/ref: 18/1730 datert 24.01.2019

Byggesaksavdeling har i sitt vedtak skrevet:



Støygjerde synt på innsendt situasjonsplan ser ut til å vere plassert i formålsgrensa i kurvatur i krysset til Kubbaleitet samt i nabogrense mot gbnr. 137/739, støygjerde er i det vesentlege plassert på areal omfatta av reguleringsplan Kubbaleitet. Planen har i § 2.9 bestemmelsar knytt til byggegrense, det er opna for at tiltak etter pbl. § 29-4 kan plasserast utanfor byggegrense, men minste avstand til føremåls- og nabogrense skal ikkje vere mindre enn 1 meter, det same gjeld og for tiltak som ikkje krev søknad, opparbeing av søknadsppliktig parkeringsplass og søknadsppliktige støttemurar.

Synt plassering av støygjerde må justerast, evt. må det søkjast om dispensasjon frå reguleringsplan Kubbaleitet § 2.9.

Ein vil ved søknad om løyve til etablering av støygjerde måtte legge ved naboerklæring ihøve plassering av støygjerde nærare grannegrense enn 4 meter

Vi søker herved om dispensasjon frå §2.9 i føresegner til reguleringsplan Kubbaleitet for etablering av støygjerde som vist på vedlagte situasjonsplan.

Nabovarsel.

Vi har tidligere varslet naboer om ny avkjøring og vist tiltak mur og støygjerde på kart. Vi fikk da ikke merknader frå naboer. Vi har nå også nabosamtykke fra mest berørte nabo. Vi vurderer at det ikkje er nødvendig med nytt nabovarsel i denne saken.

Etablering av Støygjerde.

Det har hele tiden vert planen å etablere støytiltak mot ny trafikk-løsning for kubbaleitet. Vi viser også til p.t3.5 i føresegnene. På kart som har fulgt saken om etablering av ny avkjøring er det også vist støygjerde. I forespørsel til vegavdeling om uttale ligger det også 3D bilde av løsningen.

Mindre justering av plassering.

Etter å sett nærmere på kommunen sitt vedtak, tidligere innsendte kart, og vurdering av hensiktsmessig plassering sammen med nabo, harvi gjort noen mindre justeringer av støygjerde.

Mot gbnr 137/739 er gjerde flyttet i nabogrense. (tidligere kartviste ikke grense) Dette pga at Det allereie står mindre mur der i dag, som det vil være naturlig å forsette retningen på.

Mot vei kurve har vi flyttet gjerde slik at den også står i nabogrense.

Løsningen ellers er slik som opprinnelig kart.

Nabosamtykke.

Vedlagt finner dere nabosamtykke frå 137/739 nærmeste/mest berørte nabo, som gir tilatelse til etablering av støygjere inabogrense.

Dispensasjonsøknad skal grunnigis.

Vi har søkt om, og fått løyve til å etablere ny avkjørsel. Støygjerde er vist på alle kart og 3D skisser som er brukt i saken tidligere, bla til veiavdeling. Gjerde ligger utenfor siktsonene i reguleringsplanen og siktsonene som er vist ved etablering av ny avkjørsel. Gjerde vil dermed ikkje påvirke trafikksituasjonen negativt i området.

Støytiltak er omtalt og er i samsvar med føresegnene pkt. 3.5.

I forhold til vår eksisterende garasje og ny tilkomst til denne er det behov for så stor plass foran denne som mulig. Dette gjelder både tilkomst og parkering og mulighet for å snu bil m.v. Vi har gjennom dialog med nabo funnet løsning som vil gi best forhold til dette og vår eksisterende garasje.

Med dette finner vi ingen ulemper for naboer eller veiløsningen i reguleringsplanen.(...)


Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå regional styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

Det er henta inn slik uttale frå Teknisk drift ved vegavdelinga den 26.04.19:

Teknisk drift har gått igjennom godkjent teknisk vegplan for Kubbaleitet. Der ser vi at det er godkjent støygjerde med avstand på minimum 0,8 meter frå kommunal vegkant. Teknisk drift ønskjer at grøft (inkl. vegskulder) ved gbnr 137/45 også vert minimum 0,8 meter.



Lengdesnitt teknisk plan støy skjerm gbnr 137/739

Teknisk drift sine vilkår støy skjerm ved gbnr 137/45:

- Minste avstand mellom kant regulert kommunal veg og ytterkant støygjerde skal vere minimum 0,8 meter.
- Tiltaket skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing ved arbeid på kommunalt teknisk anlegg.
- Tiltak skal vere plassert slik at tekniske krav til kommunalt vegkryss (o_V3 og o_V2) vert stetta. Regulert siktzone i vegkryss er 10 meter x 54 meter.
- Teknisk drift fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak under normal drift og vedlikehald av veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Nabovarsel

Omsøkt søknad er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Søkjar har i søknad gjort greie for at tiltaket var synt på teikningar og varsla i samband med søknad om dispensasjon for flytting av avkøyrsløse til eigeidomen i sak 18/1730. Kommunen legg søkjar si vurdering til grunn og krev ikkje ny varsling.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.02.19.

På situasjonsplanen er planlagd støygjerde plassert i nabogrense mot gbnr. 137/739 Eigar av gbnr. 137/739 har i dokument datert 03.02.19 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Situasjonsplanen er ikkje påført avstand frå støygjerde til føremålsgrænse mot veg i kurvatur i krysset inn til reg.plan Kubbaleitet.

Sikt i krysset er på situasjonsplan opplyst til 6X45 meter.

Avstand til vegmidte offentleg veg (O_V2) er opplyst å vere 7 meter, her ser det ut som om at støygjerde er plassert i samsvar med regulert sikringsgrænse.

Vegstyresmakta har i vedtak datert 03.04.19, sak 19/382, gjeve dispensasjon til plassering av støyskjerm og mur langs offentleg veg i Kubbaleitet og Isdalstøbakken.

Tilkomst, avkjørsle, parkering, vatn og avløp

Tiltaket fører ikkje til endra auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av støyskjerm.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).


Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilråa må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Av rekkefølgekrava til reguleringsplan Kubbaleitet § 3.5 går det fram at det skal etablerast støytiltak mot blant anna gbnr. 137/45.

Av plankart og føresegn er det ikkje synt plassering av støytiltak på eigedom gbnr. 137/45. Føresegna opnar i § 2.9 opp for at tiltak kan plasserast inntil 1 meter frå grense mot nabo og føremålsgrense.

Det er søkt om dispensasjon frå § 2.9 i føresegna for etablering av støygjerde i krysset mellom O_V2 og O_V3 i reguleringsplan Kubbaleitet.



Omsynet med byggegrense langs veg er å sikre naudsynt areal til blant anna vedlikehald av veg, brøyting ol.

Saka har vore på høyring til Teknisk drift ved vegavdelinga som ikkje er negative til tiltaket så fram avstand frå formålsgrense veg til støyskjerm plassert i kurvatur i krysset mellom o_V3 og o_V2 ikkje vert mindre enn 0,8 meter tilsvarande det som er akseptert i teknisk vegplan for reguleringsplan Kubbaleitet. Vidare at frisisiktsøna i krysset mellom o_V2 og o_V3 vert 10x54 meter slik som synt på gjeldande plankart.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at teknisk drift ikkje er negative til tiltaket så fram plassering vert justert for å ivareta areal til grøft og veg vedlikehald. Vidare er det lagt vekt på at det i føresegna til reguleringsplanen går fram at det skal etablerast støytiltak for eigedom gbnr. 137/45.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilråa er oppfylt for å gje dispensasjon frå § 2.9 i reguleringsplan Kubbaleitet for etablering av støyskjerm på eigedom gbnr. 137/45. Ein finn at omsynet det vert dispensert frå ikkje i vesentleg grad vert sett tilside som følgje av omsøkt dispensasjon.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert i grense mot gbnr. 137/739 slik som synt på situasjonsplan og slik det er akseptert i naboerklæring. Støyskjerm skal ha minste avstand til føremålsgrense/vegbanekant på 0,8 meter. Regulert frisisiktsøna i kryss mellom o_V2 og o_V3 på 10 X54 meter skal ivaretakast.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå § 2.9 i reguleringsplan Kubbaleitet/planid.: 1263-201215 for etablering av støyskjerm på eigedom gbnr. 137/45. dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Støyskjerm skal ha minste avstand til føremålsgrænse/vegbanekant i kurvatur i krysset mellom o_V2 og o_V3 på 0,8 meter
2. Regulert frisiktzone i kryss mellom o_V2 og o_V3 på 10 X54 meter skal ivaretakast

Vi gjer merksam på at tiltaket vil vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/390

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ronny Johnsen	Kubbaleitet 2 A	5916	ISDALSTØ
Ronny Johnsen	Kubbaleitet 2 A	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Linda Maria Aslesen	Kubbaleitet 2 A	5916	ISDALSTØ
---------------------	-----------------	------	----------